



Kjell Langenes  
Sandslihovden 39  
5254 SANDSLI

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4565 - 15/28006

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
01.09.2015

## Om avløpsløyser - gbnr 60/40 og 60/41 Langenes

Viser til møte på rådhuset den 25.08.2015, der vi diskuterte framlegg til avløpsløyser for dei to hytteeigedommane.

- 1) Avslegen søknad, som skal opp i klagenemnda: Borehol med fast slange frå slamavskiljar til koplingspunkt ved veg . Avstand 140 m, sugehøgde 6,5 m. Ekstra tømmeekostnad.
- 2) Slamavskiljar ved hyttene med pumpe til slambil. Ekstrakostnad fordi avslamma vatn ikkje kan pumpast i retur til tanken. Uansett ekstra arbeid fordi pumpe ved slamavskiljar må startast og stoppast. Sannsynlege driftsproblem, grunna lange intervall mellom kvar gong pumpa er i bruk.
- 3) Pumping frå hyttene til minireinseanlegg ved veg. Kostnad gjennom serviceavtale og drift av pumpestasjon.
- 4) Pumping til slamavskiljar nær kjøreveg, med overløp frå slamavskiljar tilbake i borholet og utslepp til sjø. Ingen ekstra tømmeekostnader. Driftskostnader for pumpe ved hyttene, som er i bruk kvar gong ei av hyttene er i bruk.

Etter ei intern drøfting, kjem vi til at alternativ 4) peikar seg ut som det mest interessante, som ikkje medfører ekstrakostnader i samband med tømning, og heller ikkje driftskostnader ut over drift av pumpestasjonen ved hyttene. Det må gjerast privatrettslege avtalar om plassering av leidningar, pumpestasjon og slamavskiljar. Og det må søkast om dispensasjon for plassering av heile avløpsanlegget, på land og i sjø. Det må søkast til Bergen og omland havnevesen om løyve til å leggja leidning i sjø.

Kommunen prøver å leggja opp til felles løysingar med lågast mogeleg driftsutgifter, både for privatpersonar og for det offentlege. Det er regulert ei hyttetomt til, som skal grensa mot gbnr 60/40, men denne er ikkje frådelt pr i dag. Denne tomta bør kunna koplatt til det same anlegget.

**Andre spørsmål frå møtet:**

- Er det ei løysing å tinglysa ekstrakostnader med tømning på eigedommen? - Dette let seg ikkje gjennomføra. I praksis kan det verta kommunen som får ekstrakostnaden likevel

- Kva praktiserer nabokommunane av unntak frå slamtømmeforskrifta? - Dette må takast opp i eit felles forum .

**Klagesaka**

Møtet i klagenemnda er den 8. september. Møtet er ikkje ope for publikum. Dersom du ønsker å trekka klagesaka, send ein e-post ganske fort.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Solhytten AS  
Teknisk drift

Welhavens vei 4 4319  
Her

SANDNES

**Mottakarar:**

Kjell Langenes  
Steinar Remme

Sandslihovden 39 5254  
Steinsvikvegen 5239  
404 B

SANDSLI  
RÅDAL

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ